



ULSTEIN KOMMUNE  
Postboks 143  
6067 ULSTEINVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Guro Gjenstad, 71 25 84 29

## Ulstein kommune - tilsynsrapport 2021.316.I.SFMR

Denne rapporten handlar om resultatet frå ein tilsyn som blei gjennomført digitalt 15.09.2021 med Ulstein kommune. Tema for tilsynet var kommunen som myndigheit for forsøpling og forureina grunn. Det blei halde slutt møte 23.09.2021 der Statsforvaltaren sine funn blei gjennomgått. Rapporten blir rekna som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at den er mottatt.

Desse personane var til stades under tilsynet:

Frå Ulstein kommune:

Arne Runar Vik, kommunalsjef teknisk  
Anita Sundnes, leiar plan- og bygningsavdeling  
Arild Støylen, ingeniør byggesak/miljøvern  
Rebekka Valde Bjørndal, jurist  
Verner Larsen, kommunedirektør (deltok i begynnelsen av tilsynet)  
Olav Helt Brubakk, brannsjef

Frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal:

Christian Dahl  
Guro Gjenstad

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal avdekte ingen avvik, men gir 2 merknadar. Merknadene er nærare skildra i punkt 4 i rapporten.

Det er ikkje nødvendig å gje tilbakemelding til Statsforvaltaren etter eit tilsyn der det ikkje blei funne avvik.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Guro Gjenstad  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Namn: Ulstein kommune	Anleggsnummer: 1516.0056.01
Bedriftsnr. for undereininga: 974617382	Eigd av (organisasjonsnr.): 974781956
Kommune: Ulstein	Anleggsaktivitet: Generell offentlig administrasjon
Kontrollnummer: 2021.316.I.SFMR	

## 2. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet blei gjennomført som ein del av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si plan for 2021 om å kontrollere kommunane som forvaltarar av miljølovgevinga. Formålet med tilsynet var å vurdere om kommunen oppfyller dei krava som blir stilt til kommunen som myndigheit for forsøpling og forureina grunn.

Rapporten dreier seg om avvik og merknader som blei avdekka under tilsynet og gir inga fullstendig vurdering av korleis kommunen utøver si myndigheit.

## 3. Avvik

Avvik blir definert som manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Statsforvaltaren fant ingen avvik.

## 4. Merknader

Merknad blir definert som eit tilhøve som tilsynsetaten meiner er nødvendig å påpeike for å ta i vare det ytre miljøet, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Det blir gitt merknad for desse tilhøva:

### **Merknad 1**

Kommunen registrerer ikkje i databasen *Grunnforurensning* alle kjende stader der det har vore brent avfall.

### **Kommentarar:**

Kommunen registrerer større branntomter, men legg ikkje inn alle kjende stader der det har vore brent bål med avfall som brense. I nokre tilfelle kan det vere vanskeleg å finne ut av om det har vore anna enn reint trevirke i båla. I dei tilfella der ein kan sjå at avfall har vore brukt som brense, bør lokaliteten registrerast.



## **Merknad 2**

Kommunen manglar ei oversikt over ulovleg avfallshandtering.

### **Kommentarar:**

Kommunen er kjende med ulike villfyllingar, og det er rydda opp i nokre av desse. Kommunen manglar oversikt over kor mange slike lokalitetar som ikkje er rydda. Ei oversikt over desse vil vere nyttig for å kunne prioritere rekkefølge for opprydding.

## **5. Andre tilhøve**

Andre tilhøve omfattar saker som kom fram under tilsynet og som det kan vere nyttig å kjenne til. Her kan det også vere kommentarar til tema som blei tatt opp, men der det ikkje blei gitt avvik eller merknader.

Andre tilhøve ved Ulstein kommune som Statsforvaltaren vil omtale:

Kommunen har gjort eit stort arbeid med å kartlegge område der det er forureina grunn eller mistanke om slik forureining, og Ulstein kommune ligg på fylkestoppen når det gjeld registrering i *Grunnforurensning*. Dette gir eit godt grunnlag for å sikre at saker som gjeld terrenginngrep av ulike slag, blir handtert med liten fare for spreiding av forureina massar.

## **6. Offentlegheit**

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for offentlegheita via postjournalen til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, jf. offentleglova.

## **7. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- *Lov om vern mot forurensningar og om avfall* (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta)